

RAPPORT

Hegge stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Støpulen	5
Drenering	5
Registrering	6
Kyrkjekunst	6
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	7
Fotnotar	7

Hegge stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Kyrkja etter istandsetting: Foto: Dagfinn Rasmussen / Riksantikvarens arkiv.

Hegge stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Hegge stavkyrkje er ei treskipa langkyrkje med eit heva midtrom reist på grunnstokkar. Kyrkja er truleg frå slutten av 1100-talet. Kyrkja har mange gøymde interessante bygningsdelar og spor. Over himlinga finn ein masker på det opphøgde midtrommets stavar, og på loftet finn vi og andre delar av den opphavlege konstruksjonen. Ved å studere desse, kan vi få betre innsikt i korleis stavkyrkjene vart bygd

og kva verkty som vart nytta i ulike arbeidsprosessar. Tre årringsprøver frå kyrkja viser at delar av virket i kyrkja vart hogd vinteren 1216/17.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Hegge stavkyrkje har over lang tid fått store skader under golvet. Grunnstokkane i stavkyrkja, som svillar og stavar kviler på, var røtna vekk. I samband med reparasjonar i 1924 vart det støypt fundament under stavane. Det vart lagt nytt golv og kyrkja gjekk gjennom ei oppussing som mellom anna medførte at veggjar og stavar vart måla og nye benkar vart sett inn.

Støpulen ved Hegge stavkyrkje er frå 1823 og er ein lafta konstruksjon med 17 omfar, samt eit galleri med kryssavstiving i ytterveggane og eit sperretak med bord tekka med lappskifer. 2x2 klokker er hengt opp med jernbeslag i trebjelkar som kviler på kraftige bjelkar i Ø-V retning. Det var røteskader i tømmerstokkane mot aust. Ved synfaring vart det påvist store skader i nedre stokk i støpulen. 3 stokkar lenger opp syntest å ha så store skader at skifte var aktuelt. Det er tidligare skifta ut delar av tømmerstokkar. Kryssa i galleriet hadde røteskader i nedre del mot brystning i midtpartiet mot vest og noko mot aust. Mot aust er



Lyft: Støpulen under istandsettingsarbeidet. Foto: Ellen M. Devold / Riksantikvarens arkiv.

beslag lagt over øvste stokk i brystninga som vern. Det står 2 bord som stønad mellom bjelkane som ber klokkene og hanebjelken på dei to sperrepara i midten. Borda var røteskadde. Det var vidare sett inn ein stolpe, som ikkje er barka, under den søndre bjelken, som ber klokkene.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

STØPULEN

Støpulen ved Hegge stavkyrkje har tidlegare vore flytta og bygd opp att der den no står, nord for kyrkja. Bygningen er sett saman av både eldre tømmer, truleg frå ein tidlegare støpul, og nyare

tømmer. Støpulen hadde omfattande røteskader og stokkar med skade måtte spunsast eller skiftast. Ei tidlegare innbygging av bårerommet i nedre del av støpulen har vore uheldig for tømmeret i støpulen, då løysinga som vart vald hadde for dårleg lufting for tømmeret bak platene i veggen. Desse er no restaurert. Det var hovudsakleg austveggen i støpulen som hadde røteskader. Då særskilt nedste stokk samt stokkane i overgangen mellom den breie og den noko smalare delen oppe i veggen. Det vart og funne røte i skråavstivarane i klokkerrommet samt noko røte i øvste stokk under taket mot aust.

Det vart naudsynt å jekke opp for å få god tilgang til å kunne skifte ut stokkar.



Grunnen: Skipet i kyrkja medan golvet var demontert. Foto: Stan Reed / Riksantikvarens arkiv.

DRENERING

Som nemnt har det i svært mange år vore problem med fukt under Hegge stavkyrkje. Nedre delar av konstruksjonen har røtna vekk. Alle stavane er, så nær som ein, spunsa i botnen. I 1924 vart kyrkja fundamentert på mura steinfundament. Det vart gjort gravearbeid rundt fundamenta for å kome til og nye golvbjelkar og golvbord vart lagt.¹ I 2004 vart det vedteke at golvbjelkane igjen skulle skiftast då dei var sterkt røteskadd. Terrenget under skipet vart senka for å betre luftsirkulasjonen under golvet og for å auke avstanden mellom terreng og

trekonstruksjon. Det var fyrst gjeve løyve til å senke terrenget opp til 30 centimeter der det ikkje kom i konflikt med førreformatorisk material. Gjennom de arkeologiske undersøkingane som vart gjort i samband med arbeidet viste det seg at bevaringsforholda i grunnen var dårlege. Med bakgrunn i dette vart det då gjeve løyve til ytterlegare senking av terrenget under arkeologisk overvaking.

REGISTRERING

I samband med istandsetjinga av Hegge stavkyrkje vart det 09.07.2004 føreteke ei

undersøking ved NIKU av delar av stavverket i skipet. Delane var avdekka medan golvet i skipet var fjerna. Som ein del av arbeidet vart det også gjort oppmålingar av enkelte frilagde detaljar ved konstruksjonen.

KYRKJEKUNST

I februar 2001 gjennomførte Riksantikvaren i samarbeid med NIKU ei rundreise i Valdres og Gudbrandsdalen for å registrere tilstanden på kyrkjekunsten i ein del kyrkjer. Hensikta var å kunne få ei samla oversikt over tilstanden, og ut frå dette setje opp ei prioriteringsliste for eventuelle

tiltak. I Hegge stavkyrkje vart det registrert at bunaden på nordveggen til koret hadde behov for behandling. Bunaden, som viser Abraham som skal ofre sin son Isak, vart behandla i kyrkja i 2007.²

SAMANDRAG

Hegge stavkyrkje er ei treskipa langkyrkje med eit heva midtrom reist på grunnstokkar. Kyrkja er truleg frå slutten av 1100-talet. Kyrkja har mange gøynde interessante bygningsdelar og spor. Over himlinga finn ein masker på det opphøgde midtrommets stavar, og på loftet finn vi og andre delar av den opphavlege konstruksjonen. Tre årringsprøver frå kyrkja viser at delar av virket i kyrkja vart hogd vinteren 1216/17. Hegge stavkyrkje har over lang tid fått store skader under golvet. Grunnstokkane i stavkyrkja, som svillar og stavar kviler på, var røtna vekk. Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det i 2004 vedteke at golvbjelkane igjen skulle skiftast då dei var sterkt røteskadd. Terrenget under skipet vart senka for å betre luftsirkulasjonen under golvet og for å auke avstanden mellom terreng og trekonstruksjon. Støpulen vart sett i stand og av kyrkjekunsten vart ein bunad i kyrkja behandla.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. De norske stavkirkene. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Christensen, Ulf. *Resultater fra målinger av temperatur, luftfuktighet, duggpunkt og materialfuktighet i kryprommet i Hegge kirke*, 2006.

Christensen, Ulf. *Resultater fra målinger av temperatur og luftfuktighet i kirkerommet i Hegge kirke*, 2006.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet – Klimaovervåking i Hegge stavkirke*, 2005.

Devold, Ellen. *Befaringsrapport-Møte Hegge stavkirke 28.05.04*, 2004.

Devold, Ellen. *Maling av gulvet i Hegge stavkirke*, 2004.

Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet - Tiltak Hegge stavkirke*, 2004.

Devold, Ellen. *Hegge stavkirke 11.01.06*, 2006.

Devold, Ellen. *5. april 2005 - Stavkirkeprogrammet*, 2005.

Devold, Ellen. *Hegge stavkirke befaringsrapport 17-18.01.02 Rapport - Stavkirkeprogrammet*, 2002.

Devold, Ellen. *Hegge stavkirke befaringsrapport 27.04.05*, 2005.

Devold, Ellen. *Hegge stavkirke – Stavkirkeprogrammet 25. august 2005 befaringsrapport*, 2005.

Devold, Ellen. *Hegge stavkirke støpulen 22. juni 2005*, 2005.

Karlberg, Inger. *Befaringsnotat Hegge stavkirke, Øystre Slidre, Oppland fylke, A-148 14. juli 2004*, 2004.

Molaug, Petter B. *NIKU Innberetning Hegge stavkirke. Utgravinger under golvet i 2004*, 2005.

Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 38/2007, Stavkirker. Reinli, Hegge, Lomen, Torpo. Behandling av inventarstykker*, 2007.

¹ Devold, Ellen. *Stavkirkeprogrammet – Klimaovervåking i Hegge stavkirke*, 2005.

² Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 38/2007, Stavkirker. Reinli, Hegge, Lomen, Torpo. Behandling av inventarstykker*, 2007.

